



Byggmester Knut Henanger AS  
Mjåtveitstø 33A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3895 - 19/21160

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
11.10.2019

## Godkjenning - endringsløyve GBNR 10/40 - plassering av veg og VA-leidningar Holme

**Administrativt vedtak. Saknr: 246/2019**

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om endring etter Plan- og bygningslova § 20-1b) motteke 11.10.19 i Meland kommune. Opphavleg godkjenning vart gjeve i sak DS 27/2015 den 22.07.15.

Søknaden gjeld endring av plassering av veg, vass- og kloakkgrøft for legging av privatstikkledning til offentlig kum. Vegen vart flytta mot gbnr 10/278 og 10/277 pga. terrengtilpassinga. Grenser mot gbnr 10/277, 278 vart endra i mellomtida. Det er redegjort av ansvarleg søkjar om at avløpsleidningar er ikkje lagt fram til gbnr 10/279, men det er muligheit å kople til avløp via kommunal kum i vegkryssa slik det er vist på situasjonsplan motteke 11.10.19. Avløp på gbnr 10/45 er løyst gjennom anna trase slik det er vist på situasjonsplan motteke 11.10.19.



**Planstatus:**


**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Eigedomen er i reguleringsplan for Øvre Holbergstien gbnr 10/40,272 og 280– planid 125620140001 – definert som bustadeigedom, småhus med vegtilkomst.



#### **Nabovarsling:**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Kommune vurderer endringar er i samsvar med plangrunnlaget og råka ikkje naboar sine interesser.

#### **Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:**

Grøftetraseen er vist på situasjonskart motteke 11.10.19. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Administrasjonen har vurdert tiltaket til å vere i samsvar med reguleringsplan og har ingen merknader til søknaden.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-1 løyve til endring av plassering av veg og grøft for legging av privat leidning fram mot kommunal tilkoplingspunkt for vatn og kloakk over gbnr 10/40, i samsvar med søknad motteke 11.10.19.*

*Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»*

\*\*\*\*\*

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

E-postmelding - Søknad om endring av gitt tillatelse GBNR 10/40 - Endring av plassering av veg og VA  
Søknad om endring av gitt tillatelse GBNR 10/40 - Endring av plassering av veg og VA

### **Kopi til:**

Kvalitetshjem AS	Mjåtveitstø 33A	5918	FREKHAUG
------------------	-----------------	------	----------

### **Mottakarar:**

Byggmester Knut Henanger AS	Mjåtveitstø 33A	5918	FREKHAUG
-----------------------------	-----------------	------	----------